

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 28/24	Ålesund kontrollutval	03.09.2024

Forureining frå Brusdalsvegen 208 til Brusdalsvatnet

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet sin leiar saman med kontrollutvalssekretariatet vart 10. juni munnleg kontakta av ein innbyggjar som uttrykte bekymring for kommunen si handtering og oppfølging etter eit større forureina utslepp i Brusdalsvatnet rundt årskifte 2023-2024.

Denne hendinga vart i slutten av januar 2024 gjort kjent for ålmennheita gjennom Sunnmørsposten (SMP). Det kom fram at Ålesund kommune, som tiltakshavar for vassbehandlingsanlegget i Brusdalsvegen 208, sjølv bestemte å sleppe forureina avløpsvatn ut i kommunen si største drikkevasskjelde. I følgje oppslaget i SMP så visste verken øverste leiing eller dei som arbeider med vassforsyninga om utsleppet før det hadde gått seks veker. Og etter seks veker vart kriseleiinga samla og utsleppet stoppa.

På bakgrunn av desse første oppslaga i SMP i slutten av januar, bad kontrollutvalet om ei orientering frå kommunedirektøren om korleis kommunen på generell basis arbeider med å sikre drikkevasskjelda til Ålesund kommune. Kommunedirektør Steven Hasseldal og verksemdleiar Arve Olav Bang orienterte kontrollutvalet munnleg i møtet 3. mars 2024, utan at det då kom fram for kontrollutvalet alvoret ved denne aktuelle hendinga. Kontrollutvalet såg ikkje då behov for å gå vidare med saka.

Vurdering:

Når det no i ettertid har kome fram meir informasjon i media om alvoret ved denne hendinga, bør kontrollutvalet sjå litt nærare på den. Og etter møtet som kontrollutvalsleiar og kontrollutvalsekretæren hadde med ein innbyggjar, undrar vi oss på om

kommunedirektøren har evaluert denne hendinga saman med involverte partar med tanke på å avdekke Alvoret i den, lære av den og forebygge at liknande kan skje igjen.

For å få ei form for oversikt over kva som har skjedd i saka, har kontrollutvalsekretæren på vegne av kontrollutvalet fått oversendt ei rekkje dokument som omhandlar hendinga og som viser noko av den interne kommunikasjonen som har vore i etterkant. Mykje av dokumentasjonen er i form av interne notat (x-notat) med ulike vedlegg. Dett er då dokument som ikkje kjem på offentleg journal. Og fleire av desse dokumenta er i tillegg unnateke offentlegheit med heimel i § 14 første ledd i offentleglova.

Kommunen er i denne saka både den som utøver mynde og den som er tiltakshavar i utbyggingsprosjektet, samt har ansvaret for drikkevasskjelda. Alle funksjonane er i same kommunalområde, med felles overordna leiarship. Gjennom det som er dokumentert i saka så langt, er det ikkje lett å sjå kor tid kommunen opptre som tiltakshavar og kor tid det er mynde som vert utøvd. Kommunikasjonen har i stor grad blitt dokumentert gjennom interne notat, der verken sendar eller mottakar kjem fram, ei heller dato.

Det ser ut for at vesentlege spørsmål som dei som er driftsansvarlege for drikkevasskjelda har stilt, ikkje har blitt svara ut før etter fem månader. Og det kjem heller ikkje fram om hendinga er evaluert for å hente ut læring som kan føre til forbedring for å forebygge at det skjer liknande hendingar i framtida.

Kommunedirektøren vert derfor invitert til kontrollutvalsmøtet 3. september for å gje ei orientering og svare på nokre konkrete spørsmål.

Kontrollutvalsekretariatet har bedt om å få svara på spørsmåla skrifteleg tilsendt innan ei veke (dvs. 29. august), slik at dei kan verte ettersendt til utvalet.

Spørsmåla vi ynskjer skrifteleg svar på:

1. Kva har kommunen lært etter hendinga med forureining i Brusdalsvatnet, som skjedde 15. desember – 27. januar?
2. Kva tiltak er planlagt eller sett i verk for å forebygge at slike hendingar skjer igjen?
3. Det er eit tidsvindaug på over fem månader frå driftsansvarlege ved vassverket stiller spørsmål om ei intern gransking til desse vert svart ut. Kva er årsaka til det?
4. Når kommunen utøver mynde og samtidig er tiltakshavar:
 - a. Kva rutine har kommunen for å dokumentere kommunikasjonen mellom desse to rollene?
 - b. Korleis sikrar kommunen at denne kommunikasjonen er like open og transparent som når tiltakshavar er ekstern?
5. Med tanke på meiroffentlegheit - Kva retningslinjer har kommunen for å forebygge unødig bruk av interne notat (x-notat) som ikkje kjem fram på offentleg journal

I eit av dei siste oppslaga i media kjem det fram at kommunedirektøren no er i gang med ein gjennomgang og at det skal vere ferdig ein rapport i løpet av august. Denne vert sendt ut til utvalet så snart sekretariatet har fått den.

Når kontrollutvalet har fått orienteringa frå kommunedirektøren saman med svar på spørsmåla, og fått sett den omtalte rapporten, bør utvalet vurdere om Alvoret i denne saka. Er den av ein slik grad at det er grunnlag for å informere og råde kommunestyret til å be kontrollutvalet om å sette i gang ei uavhengig kontrollhandling knytt til hendinga?

Sekretariatet kan ikkje på noverande tidspunkt tilrå kontrollutvalet noko anna enn å ta orienteringa til vitande. Men oppmodar kontrollutvalet til sjølve å vurdere om det er grunnlag for å gje ei anna tilråding, når meir informasjon frå kommunedirektøren er lagt fram i møtet.

Vedlegg

Oversikt hovuddokumenta uten at vedlegga er synleg

Dok nr 1 Rapport etter synfaring 30.01.2024 - Brusdalsvegen 208 - 13.02.2024

Dok nr 6 Svar på rapport etter synfaring 30.01.2024 - frå prosjektleiar 6.05.2024

Dok nr 11 Svar på spørsmål og kommentarer til synfaringsrapport - frå prosjektleiar 09.08.2024 (u.o. vert sendt ut som brev)

Journalpostliste

[+ Legg til](#)
[✕ Feilregistrer](#)
[Handlinger](#) ▾

	Doknr	Tittel	Avsender/mottaker	Skjerming	Brevdato
N	14	Vedrørende din henvendelse om manglende evaluering	Bjørn Skulstad		19.08.2024
I	13	Innsynskrav evaluering etter forureining av Brusdalsvatnet	Birgitte Flote		13.08.2024
U	12	Oversending av dokument til Ålesund kontrollutvalg	Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat Iks	UO-1 § 14 1. ledd	09.08.2024
X	11	Svar på spørsmål og kommentarer til synfaring rapport	Sol Berntsen Slinning	UO-1 § 14 1. ledd	09.08.2024
I	10	Oversending av dokument til Ålesund kontrollutvalg	Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat Iks		09.08.2024
N	9	Forurensning av drikkevannskilden - manglende evaluering	Ingunn Osdal Stette		24.06.2024
X	8	E-postar om svar på synfaring rapport - Saksnummer 24/5064 og dokumentnummer 24/24135 - Gbnr. 32		UO-1 § 14 1. ledd	25.04.2024
X	7	E-postar om dokument i websak - gbnr. 32/64 - Brusdalsvegen 208		UO-1 § 14 1. ledd	22.04.2024
I	6	Gbnr. 32/64 - Rapport etter synfaring av vassverktomta m.m. - Brusdalsvegen 208	NYE ÅLESUND KOMMUNE FRA 010120		16.05.2024
X	5	Gbnr. 32/64 - Forurensning av drikkevannskilde	Trude Blankholm Strømme	UO-1 § 14 1. ledd	19.04.2024
X	4	Gbnr. 32/64 - Kommentarer og spørsmål til synfaring rapport og mulig intern granskning av forurensning	Trude Blankholm Strømme	UO-1 § 14 1. ledd	08.03.2024
I	3	Gbnr. 32/64 - Websak om har saka om vassbehandlingsanlegget og opning av lokasjon Brusdalsvegen 208 i	Multiconsult Norge As		30.01.2024
U	1	Gbnr. 32/64 - Rapport etter synfaring av vassverktomta m.m. - Brusdalsvegen 208	Ålesund Kommune		13.02.2024



Ålesund Kommune
Postboks 1521
6025 Ålesund

Dykkar referanse:

Vår referanse:
23/7508, 24/10944

Arkivkode:
K23

Dato:
13.02.2024

Gbnr. 32/64 - Rapport etter synfaring av vassverktomta m.m. - Brusdalsvegen 208

1. Til stades under synfaringa, formål og heimel

Verksemdsleiar Arve Olav Bang vart informert om at det ville bli gjennomført ei synfaring av eigedomen i Brusdalsvegen 208 saman med Multiconsult seinare same dagen den 30. januar 2024, jf. forureiningslova § 50 tredje ledd. Synfaringa vart gjennomført mellom klokka 11:00 og 12:15 denne dagen. Den gjekk føre seg først på vassverktomta i Brusdalsvegen 208, og deretter ved Brusdalselva og til slutt ved Brusdalsvatnet. Til stades under synfaringa var Silje Marie Vasstein, Grete Rasmussen og Kjersti Finholt frå Multiconsult, og Trude Blankholm Strømme frå Ålesund kommune, verksemd for vatn og avløp, avdeling myndigheit.

Formålet med synfaringa var å undersøkje om tiltaksplanen av 26. mars 2021 om handtering av forureina grunn på eigedomen i Brusdalsvegen 208 og vilkåra i vedtaket av 28. april 2021 om godkjenning av tiltaksplanen var følgt. Vidare var formålet å undersøkje om der var forureining eller fare for forureining frå eigedomen som nemnt ovanfor.

Bakgrunnen for at det var tatt initiativ til denne synfaringa, var opplysningar om at det var ført misfarga vatn frå byggegropa på vassverkstomta til Brusdalselva og Brusdalsvatnet. I samband med at underteiknande sakshandsamar tok kontakt med Multiconsult for å få svar på nokon spørsmål om korleis tiltaksplanen var følgt opp frå deira side, så ønska dei å bli med på synfaringa som var planlagt dagen etter.

Heimel for synfaringa er [forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning \(forureiningsforskrifta\)](#) § 2-11 om tilsyn og kontroll. Det er forureiningsmyndigheita i kommunen som fører tilsyn med at føresegnene i forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid.

Vidare står det i [lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall \(forureiningslova\)](#) § 50 første ledd at «Forurensningsmyndigheten skal ha uhindret adgang til eiendom der forurensning kan oppstå eller har oppstått», jf. [lov av 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningssaker \(forvaltningslova\)](#) § 15 om framgangssåten ved gransking o.l.

2. Synfaringa

a. Brusdalsvegen 208 - vassverktomta

Den første delen av synfaringa vart gjennomført på sjølve vassverkstomta. Der var det full grave- og sprengingsaktivitet. Mykje av massen på tomta er køyrt vekk, og så å seie alt av masser med miljøgifter skal vere fjerna i følgje Multiconsult.

I tiltaksplanen står det under punkt 6.3 at all handtering av forureina massar skal styrast av ein miljøgeolog. Underteiknande sakshandsamar spurte representantane frå Multiconsult om dei var engasjerte til å vere denne miljøgeologen som står omtalt i tiltaksplanen, og om dei i tilfelle hadde vore til stades når dei forureina massane vart handtert. Svaret var at Multiconsult ikkje var engasjert til å vere ein slik miljøgeolog som skulle styre handteringa av dei forureina massane. No er desse massane i all hovudsak fjerna.

Det rann klart vatn gjennom egedomen. I tillegg var der vatn i fleire byggegroper. Det var berre i ei byggegrop at vatnet var grått og uklart, og det var fordi det gjekk føre seg sprengingsarbeid her. Sjå vedlagde bilete nr. 15 og 16. Ikkje noko av vatnet frå desse byggegropane vert no ført inn i røyr som fører det vekk frå vassverktomta. Alt vatnet vert pumpa opp og køyrt vekk.

b. Brusdalselva

Den andre delen av synfaringa gjekk føre seg ved Brusdalselva nedanfor klubbuset til Ålesund Jeger- og Sportsfiskeforening i Holsmyrsveien 60. Vatnet frå byggegropa på vassverkstomta vart som nemnt ovanfor i ei periode ført ut i Brusdalselva i eit røyr saman med anna overvatn frå området. Ein kunne sjå at det låg att noko fint slam eller silt på botnen. Elles var vatnet ut frå betongrøyrret klart. Sjå vedlagde bilete nr. 33 og 34.

c. Brusdalsvatnet

Den tredje og siste delen av synfaringa vart gjennomført ved Brusdalsvatnet, der det går eit overløpsrøyr ut i ein bekk som fører ut i vatnet. Sjå vedlagt kartutsnitt.

Det rann ikkje noko vatn ut av overløpsrøyrret under synfaringa, og utløpet av røyrret var heilt tørt. Sjå vedlagde bilete nr. 35 og 36. Vatnet i bekken som går frå overløpsrøyrret og ut i Brusdalsvaten var klart, og det var ikkje teikn til slam eller silt på botnen av bekken. Sjå vedlagde bilete nr. 37 til 42.

3. Frist for kommentarar

Eventuelle kommentarar til denne rapporten kan sendast til Ålesund kommunen innan 8. mars 2024.

Med helsing
Rose Mari Refsnes
avdelingsleiar

Trude Blankholm Strømme
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til:

Multiconsult Norge As

Postboks 265 Skøyen

0213

Oslo

Brudalsvegen 208 – Vassverktomta

Bilete nr. 1 og 2



Bilete nr. 3 og 4



Bilete nr. 5 og 6



Bilete nr. 7 og 8



Bilete nr. 9 og 10



Bilete nr. 11 og 12



Bilete nr. 13 og 14



Bilete nr. 15 og 16



Bilete nr. 19 og 18



Bilete nr. 19 og 20




Bilete nr. 21 og 22



Bilete nr. 23, 24 og 25



Bilete nr. 26, 27 og 28



Bilete nr. 29 og 30



Bilete nr. 31 og 32



Brusdalselva – Betongrør som fører overvatn ut i Brusdalselva

Bilete nr. 33 og 34



Brusdalsvatnet – Overløpsrør som går ut i Brusdalsvatnet

Bilete nr. 35 og 36



Bilete nr. 37 og 38




Bilete nr. 39 og 40



Bilete nr. 41 og 42



Kartutsnitt med innringa område der synfaringa vart gjennomført:



Ålesund Kommune
Postboks 1521
6025 Ålesund

Dykkar referanse:

Vår referanse:
24/5064, 24/43757

Arkivkode:
M12

Dato:
16.05.2024

Gbnr. 32/64 - Rapport etter synfaring av vassverktomta m.m. - Brusdalsvegen 208

Synar til Rapport etter synfaring av vassverktomta m.m. – Brusdalsvegen 208. Det er opplyst at representanten frå Multiconsult meiner at dei ikkje er engasjert til å vere miljøgeolog. Det kan verke som det er ei misforståing mellom Ålesund kommunen som oppdragsgjevar og Multiconsult som oppdragstakar. Det er på det reine at Ålesund kommune ved prosjektet Fremmerholen vassbehandlingsanlegg (prosjektet) har engasjert Multiconsult til å vere miljøgeolog via avrop på rammeavtale *Rådgivingstjenester Bygg og anlegg (2) delavtale Rådgivingstjenester kommunalteknisk område 2021 delområde 13. Ri Miljøgeolog*. Dokumentasjon vert lagt ved dette brevet.

Representanten frå Multiconsult som var til stades på synfaringa var ikkje den som i utgangspunktet skulle følgje opp tiltaksplanen frå Multiconsult si side. Vedkomande tok over oppdraget som følgje av at Lena Frøyland gjekk ut i foreldrepermisjon. Ei forklaring kan difor vere at representanten som var til stades ikkje var kjent med alle detaljer. Som følgje av at ein såg det var behov for meir oppfølging av miljø i prosjektet enn det som ein har høve til gjennom eit direkte avrop på rammeavtale vart det frå vår side lyst ut ein mini konkurransen som omfatta langt meir enn oppfølging av tiltaksplan. På tidspunktet for synfaringa var det ikkje avgjort kven som vant mini konkurransen. Dette kan også vere ein grunn til misforståinga, dersom ikkje avropet var kjent for alle i Multiconsult.

Det kjem fram i tiltaksplanen at handtering av forureina masse ska styrast av miljøgeolog. Det vert opplyst at i rapporten at Multiconsult ikkje har vore til stades når dei forureina massane vart handtert. Vår tolkinga av tiltaksplanen er ikkje at miljøgeolog skal vere fysisk til stades ved kvar handtering av forureina masse, men i den grad det er naudsynt for å kunne sjå til at massane vert handtert på ein forsvarlege måte. Det er utarbeida massehandteringsplan som er følgt, vidare har underentreprenør hatt laupande kontakt med miljøgeolog. På bakgrunn av det ovannemnte meiner eg at prosjektet har følgt krav til miljøgeolog gitt i tiltaksplanen, dette kjem også fram i vedlagt dokumentasjon.

Prosjektet har elles ikkje merknader til rapporten.

Med helsing
Marthe Therese Strømme
avdelingsingeniør
Vatn og avløp

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til:

Inger Karin N Roald
Ingunn Osdal Stette

Vedlegg:

10255037-02-RIGm-TEG-001 Massehåndteringsplan_godkjent
Direkte avrop - RI Miljøgeolog – oppfølging av tiltaksplan
SV Miljøgeologi Fremmerholen vannbeh.anlegg. Innspill til avropsskjema og kontrakt.